

HYRDINGEN

NR. 2

Mars 2015

ÅRGANG 57

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



God påske



Grava er tom, Jesus stod opp og han lever!

Sideoversikt

Prosten har ordet	2
Liding, død og oppstode	2
Redaksjonspennen	3
Min song	3
Bladpengar/Årsmøte	3
Konfirmantar 2015.....	4
Soknerådsval	4

5. klasse-leir på Brandøy.....	5
Godhet	6
Vedlikehaldstiltak av kyrkjene	6
Dåpsskulen	7
Konsert/kulturprogram	7
Vats bedehus/soknehus	8

Personalnytt	8
Annonser og kunngjeringar	9
Frå kyrkjeboka	9
Gudstenester og møter	10
Møter og kunngjeringar	11
Barnas side	12



HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE: **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedreliid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedreliid@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,
5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89
Tlf. 53 65 57 94
Mobil: 932 45 645
jon.adnøy@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Marit Hegrenes
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal
Mobil 413 25 280
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15
Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland Prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Norodd Stavenjord
Mobil: 97 76 57 18

Prostiprest Einar Andreassen:

Mobil: 971 08 788

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Prosten har Ordet

Prost Norodd Stavenjord



Påske

Den største kristne høgtida

Påske i vårt samfunn i dag er for mange synonymt med fridager, å gjera noko heilt anna enn det ein gjer til dagleg. Vel og bra det. Men dersom vi ikkje samstundes nyttar høvet til å tenkja over kva som hende med Jesus i påskeveka, så har vi mista fokus på det viktigaste. Påskehendingane er ikkje berre eit drama mellom mange andre sterke historier i vår kulturkrins. Det er sjølve dramaet framfor alle andre, ikkje som litteratur, men dramaet som rører ved oss alle. Dei siste dagane Jesus levde, var ikkje berre eit spektakulært spel rundt eit religiøst vidunderbarn. Det var ikkje berre eit oppgjer med ein som var farleg for dei religiøse leiarane i Jerusalem. Det var Gud sjølv som styrde det som hende. Slik var det fordi han elskar oss med ein kjærlek som ikkje kan samanliknast med noko anna i denne verda. Han lét Jesus lida for alt det som vi fann på og som ikkje var i samsvar med det Gud hadde meint med våre liv. Difor er påskeveka så mykje meir enn nokre vel fortente fridagar. Påska er den største høgtida i den kristne kyrkja verda over. Tenk om hjartene våre kunne fyllast av takksemd, ikkje berre over sol og fint vér og vårkjensler, men over at Jesus ga alt

for å setja oss fri. Vi treng å tenkja over dette både fram mot påske og i den stille veka. For det Jesus gjorde kosta svært mykje. Han betalte den høgaste prisen for å gje deg og meg fridomen att. Den kan vi tapa om vil vel feil. Men gjennom trua på Jesus vert vi berga til evig liv. Lat oss ta tid til å grunna på dette også denne påska. Då blir vi fylte med ei takksemd som er større enn noko anna. Fordi Jesus vann og han lever, til evig tid.



Gjennom han skal vi og få del i den same sigeren. Velsigna påskehelg.

»For ikkje eingong Menneskesonen er komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepenger for mange.» Mark 10,45

Liding, død og oppstode...

Påsken er saman med jula den mest sentrale av dei kristne høgtidene, og vert feira til minne om Jesu Kristi liding, død og oppstode. Forut for påsken vert fastetida markert. Tida mellom palmesøndag og skjærtorsdag vert kalla den stille veka. Etter påskesøndag kjem påsketida, som varer fram til pinse. Ordet påske er ei forvanskning av namnet på den jødiske høgtida pesach. Jødane har feira påske lengre enn dei kristne. Dei feira utvandringa frå fangenskapet i Egypt.



Av Steinar Skartland

Søndagen – ein dag til å gjera noko anna. Møtast i familien, gå tur, oppleve noko kjekt saman, kvile og lade opp «batteria» eller for ein del, å samlast til gudsteneste. I debatten skal vi ikkje stikka under ein stol at mange framleis vektlegg Guds bod: Du skal halda kviledagene heilag.

Nokre må arbeida på kvildagen. Doktorar må hjelpe dei som er sjuke. Dyra skal få mat og kyrne må mjølkast. Andre må syta for at det er straum i leidningane og ljós i lampane. Jesus svara også på spørsmål om dette. Svaret hans kan du lesa i Matteus ev. kap. 12.

Det har vore ein lang tradisjon i vår kultur at dei som arbeider på søndagen, fordi dei må, får ekstra gödar. Meir løn eller færre timer i arbeidsveka. Søndagsope i butikkane er ikkje berre eit brot på helgedagsfreden, det er også endå eit steg i retning av eit samfunn der alle dagar er like. På den eine sida forsvinn då grunnlaget for ekstra lønsgodar for ubekvem arbeidstid, på den andre sida forsvinn grunnlaget for å ha ein dag i veka som er spesiell. Ein dag tileigna familien eller til å bruka sinnet på andre ting enn kvardagens slit og møda. Så er dei truleg i mindretal i samfunnet, dei som vil innföra søndagsopne butikkar. Både arbeidsgjevarar, arbeidstakarar, organisasjonane og kyrkjja talar i mot dette. Eg vonar vi kan halda på tradisjonen med å la søndagen vera ein annleis dag, om grunnane er fleire enn ein.

Nå tek påskehøgtida til. Nyt den med helgedagar og fridagar.

God påske!

Bladpengane

Dei første 14 dagane etter at Hyrdingen nr 1 kom ut, vart det betalt inn bladpengar på kr 90.000,- Kjempeflott. Tusen takk. Det kostar årleg ca 160.000 å gje ut Hyrdingen, så nå er vi over halvvegs. Skulle du ynskja å betala bladpengar, men ikkje finn att giroen, så er kontonummeret for bladpengar og gåver til Hyrdingen: 3201.53.18049

Min song

Endre Stople, bur i Skjold

- fødd i 1949, og vaks opp på Stople i Sandeid saman med 6 søsken.
- Gjekk på gymnas og bibelskule
- Var lærar på framhaldsskule eitt år
- Vart gift med Marta Bjørkheim i 1973, og dei overtok heimegarden hennar i Austrheimsbysydda.
- Er nå tankbilsjåfør
- Sterkt engasjert i arbeid både i kyrkje, bedehus, lag og organisasjonar.
- Likar å framføre sang på møter mm



Av Endre Stople

Eg er blitt spurd om eg vil fortelje om ein song eg er spesielt glad i, og det gjer eg gjerne.

Å syngje er eg glad i, og dei kristne songane gjev meg mykje. Det kan vere ei heil preike i ein god song, og evangeliet blir så nært for meg. Songen går ofte snarare til hjertet mitt enn tale kan gjera.

Songen eg har valgt ut står på nr. 243

i Sangboken: «Det enda som bär, när allting annat vacklar.»

Eg likar å syngja den, og eg synest den har heile evangeliet innbygd i seg. Guds nåde er stor nok til å slette ut all mi skuld, og det er det einaste eg kan lita på når eg skal møta Gud ein gong. Alt eg har bygd her på jorda, er berre som halm og høy, og blir brent opp, det er berre Kristi kors og blodets sikre grunn som kan berga meg då.

Syng den songen, og la innhaldet tala til deg, så kan du og syngja Halleluja.

Det enda som bär, när allting annat vacklar

Tekst og musikk av Lydia Lithell

Det enda som bär, när allting annat vacklar,
det är Guds nåd och Guds barmhärtighet.
All jordisk berömmelse och glans den slöcknar
när sist jag står hos Gud i härlighet.

Det enda jag vet, det är att nåden räcker,
att Kristi blod min synd, min skuld betäcker.
Det enda jag har att lita till en gång,
det är Guds nåd, Guds gränslösa nåd.

Det enda som står igenom alla tider,
är Kristi kors och blodets säkra grund.
Ty allt vad jag byggt av hö och strå, det faller,
det varar blott en kort och flyktig stund.

Det enda jag har inför den vita tronen
det är en frälsad själ, Halleluja!
Och detta är nog, ty all min synd blev sonad
när Jesus dog för mig på Golgata.

Årsmøte i kyrkjesokna

I februar og mars har dei fleste sokna hatt årsmøta sine. Det er ofte få som møter her kor årsmeldingane vert lesne opp og godkjente. Nokre stader vert den kyrklege aktiviteten diskutert i årsmøtet. Folk kan koma med innspel eller stille spørsmål. Det er ikkje val i desse årsmøta. Det skjer kvart fjerde år, samstundes med val til kommunestyret. Difor pågår arbeidet nå med å finna kandidatar til lister for soknerådsvalet 2015. Syn at du støttar det kyrklege arbeidet med å svara ja til å stå på ei slik liste.

**Vikebygd kyrkje 10. mai**

Rebekka Alne
Oliver Einarsen
Ingrid Espeland
Adrian Fredriksen
Even Grindheim
Ingrid Helgesen
Daniel Liødden
Håvard Mortveit
Simon Owe
Benedikte Storesund Sætre
Oddvar Veastad

Ølen kyrkje 25. april

Astrid Haugland Gundersen
Eirik Vetrhus Dørheim
Eline Hundhammer Siglen
Guro Emilie Hiksdal Øglænd
Ida Vaka
Janicke Hundseid
Kristin Nøkland
Laila Greenwood Karstensen
Lewis Paul Hoggett
Maciek Bryczkowski
Maria Økland
Otto Chilombo Formo
Tage Tverå
Tarjei Klungland
Vegard P. Økland

Ølen kyrkje 26. april

Amalie Opstvedt
Anette Espvik
Caroline Lunde
Cathrine Korneliussen
Elisabeth Roa
Kasper Arnestad
Katrine Taraldsøy Heggen
Kjerstin Lothe Haga
Lene Olsen
Magus Djuve Vågen
Mathilde Ebne
Ragnhild Lien
Suk Maya Tamang
Teresa Nesheim Øglænd
Thomas Kirketeig

Imsland kyrkje 26. april

Torbjørn Imsland Mo
Leiv Vidar Rønnevik
Kristine Skogen

Sandeid kyrkje 3. mai

Mathias Bjelland Abelseth
Helene Bjelland
Emelie Gjerde
Marte Helgevold
Tordis Hjelmtveit
Daniel Jansen
Karoline Vormestrond Kro
Martina Ramsfjell
Birgitte Reime
Emely Stütz
Eli Vestbø
Signe Aarekol

Vikedal kyrkje 10. mai

Sigrid Marie Eikeland
Camilla Espenvold
Paul André Sævareid Espenvoll
Bjørn Gjerde
Hroar Guldhav
Svein Ove Imsland
Ragnhild Kristine Løkken
Vebjørn Skipevåg
Lene Mathilde Vårvik Staknes
Ole Tjerand Staurland
Sondre Sigveson Skipevåg Tveit
Lene Vormestrond

Vats kyrkje 25. april

Ida Aksland
Atle Krakk Døvik
Ivar Hauso Døvik
Kjetil Krakk Eikje
Ellen Kristine D. Frøland
Espen Haraldseid
Malin Haraldseid
Ørjan Innvær
Christina Bringsvor Krakk
Ole Kristian Langeland
Francisco Marley B.M Lopes
Sakarias Nesheim
Aslaug Nordtveit
Jørgen Ohm

Tjerand Ruben Røgenes

Lisa Sjurseike
Randi Synnøve Stødle
Daniel Urdal
Bjarte Vaula
Jan Inge Velde
Pauline Vik Vestly

Vats kyrkje 26. april

Anna Nesheim Fuglestein
Martin Gjerde
Hanne Hjorteland
Kjersti Søndenå Nygård
Kristen Magnus Simonsen
Mathias Skrunes
Kristine Tjeltveit

Skjold kyrkje 2. mai

Njål Tore Hinrichsen Bakke
Gjert Severin Fjeldheim
Anders Handeland
Eivind Haraldseid
Solvår Haraldseid
Sebastian Nesheim Hustoft
Guro Kalstveit
Sjur Magnus Krakk
Lisa Landa
Lars Henrik Monsen (*konf. i Alstahaug kirke*)
Sakarias Nesheim (*konf. i Vats*)
Olav Ohm
Malin Hundhammer Reed
Jone Skjold
Anne Marte Søvik
Atle Wannberg
Anita Øygard

Skjold kyrkje 3. mai

Anna Klara Dybdahl
Malin Gullhaug
Martin Bådsvik Handeland
Hanne Kvinneland Rugtveit
Guro Selsvik Stendal

Bjoa kyrkje 3. mai

Bjørn Tore Lunde

Soknerådsval 2015 i Vindafjord Kyrkjevalet 2015**Av: Inghart Lasse Tveit**

Nominasjon av kandidatar til soknerådsvalet i samlede sokn i kommunen skjer i tida fram til 1. mai 2015. Framlegg til kandidatar kan meldast til dei respektive sokneråd ved leiar, innan 15. april 2015.

Sokneråda i Skjold/ Vikebygd og Ølen/ Bjoa skal for kommande valperiode ha ei prøveordning med felles sokneråd.

Sokneråda arbeider nå med nominasjonne. Det er i tillegg høve for minst 10 røysteføre personar å komma med framlegg til valliste innan 1. mai 2015. Kandidatane skal vera oppførde med namn, alder, adresse og yrke/stilling. Lista må vera ordna i prioritert rekkefølge og bør ha minst 40% representasjon av kvart kjønn, dessutan minst 20% representasjon av personar under 30 år.

Kyrkjevalet finn stad 14. september 2014, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på leke medlemmer av bispedømmerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet.

Nærare opplysingar kan ein få ved å kontakta kyrkjeverja.



DEN NORSKE KYRKJA



Alle leirdeltakarane samla i gymsalen

Venner for livet

5. klasse-leir på Brandøy

Av Else Gurine Stople

Helga 6.-8. februar var 49 ungar pluss leirarar samla på Brandøy til vinterweekend. Tema for leiren var «Venner for livet». Nye vennskapsband blei knytt allereie fredags kveld då me starta med bli kjent samling, der ulike leikar og konkurransar blei arrangert.

Laurdagen stod det mykje på programmet! Me starta dagen med bibelsamling der me fekk bli betre kjende med Bibelen som bok og personar i Bibelen. Etterpå var det samtalegrupper om aktuelle problemstillingar.

Seinare på dagen var det leik ute,

misjonssamlingar og misjonstivoli. På misjonstiviolet samla me inn pengar til misjonsprosjekta til kyrkjelydane ved å betala for å vera med på ulike kjekke aktivitetar, t.d. kaste ringar på slikkepinnar, bokskast og hoppetaukonkurranse. Innsatsen og vinnarviljen var på topp hos dei fleste.

Dagen blei avslutta med ein kjekk underholdningskveld der deltakarane bidrog med ulike humoristiske innslag. Ein flott gjeng med mange gode talentar!

Begge kveldane hadde me kveldssamling med bøn og song før alle blei beordra inn på romma til tannpuss og det var tid for å finna soveposen.

Søndagen hadde me invitert familie og

venner til gudsteneste før heimreis. Etter frukost var det derfor førebuing og øving til denne. Mange av 5. klassingane deltok på gudstenesta som blei ei fin avslutning på ei kjekk helg. Etter premieutdeling og heider/ære til dei som fortente det, hadde me kyrkjekaffi før me vende nasen heimover, trøtte men fornøgde...

5. klasse leiren er ein del av trusopplæringstiltaka i Vindafjord. Denne leiren er eit samarbeid mellom sokna Skjold/Vats/Vikebygd i Vindafjord og Skjoldastrauen/Nedstrand i Tysvær. Andre tiltak for denne aldersgruppa er LysVaken og utdeling av bibel i forkant av leiren.



Alle skulle lære å slå opp i Bibelen.



Uteaktivitetar.



Lystenning på kveldssamling.





GODHET 2015

Bli med på godhetsbevegelsen du også

Av: Liv Herborg Wold

Det har vore utført godhet til alle tider. Anten spontant ved at nokre ser at andre treng hjelp og berre hjelper. Det er fantastisk. Det er eit slikt samfunn me vil ha. Likevel er det mange som treng hjelp og som ikkje får det. Me er mange som kan hjelpe visst me går saman om det. Difor vil me no organisera litt ekstra godhet i tillegg til all den spontane og flotte godheten som blir gjort. Me vil setja i gang med dette fordi:

Me har motteke så mykje godhet og kjærleik frå vår Himmelske Far og vil dela denne ut til andre ved å visa godhet.

Me vil visa at godhet er nåde og kjærleik i bevegelse.

Me trur det er bruk for dette i vårt samfunn.

Me vil ha Jesus som førebilete i våre liv og Han «gjekk omkring og gjorde vel».

For nokre år sidan vart det starta opp med ein organisert godhetsfestival i Stavanger. Etter kvart har dette spreidd seg til fleire byar og bygder i landet vårt. Dersom du vil lesa meir om dette, så gå til heimesida www.godhet.no. Der ligg det informasjon, videosnuttar og mykje spennande.

Sidan det er første gongen me organiserer dette, så har årsmøtet i

Kyrkjjetunet bestemt at me vil starta forsiktig med ein organisert godhetsDAG. Det blir laurdag den 30. mai.

Etter kvart som dagen nærmar seg, vil du finna informasjon på kyrkjetunet.no og i Grannar korleis du kan melda inn og be om hjelp og korleis du kan delta. Så følg med og sjå kva som skjer...

Det blir det plass til alle som vil vera med. Anten du kan utføra praktisk arbeid eller du likar å bake, eller kanskje du vil køyra mat rundt til dei som arbeider. Visst du no tenkjer: Eg vil vera med, så ta kontakt med Liv Herborg Wold tlf. 98 88 55 60 eller e-post: livhwold@gmail.com.

Vedlikehaldstiltak *Kyrkjene i Vindafjord*



Fellesrådet planlegg desse tiltaka i 2015:

Sandeid kyrkje

Her er det nødvendig med vedlikehald av taket, det vil seia lekter og liknande som held takhellene på plass. Taket vart ikkje teke ved den store restaureringa i 2004. Nå registerer me at takheller tek til å falla ned og det er difor naudsynleg å treffa tiltak for å unngå vidare skade på kyrkjetaket.

Skjold kyrkje. Det er nå 16 år sidan kyrkja var ny – og det er difor stor trøng for utvendig oppussing. I tillegg er det trøng for opprettning takrenner m.v. som er blitt skadde son fylgle av nokre snørike vintrar. Dessutan skal dei frittståande veggfelta mot sør festast betre.

Arealet bak kyrkja – som gjennom mange år har sett utriveleg ut - vart før jul jamna

og stelt betre til ved hjelp av tungt utstyr frå Vassbakk & Stol, som også er entreprenør for veganlegget. Meininga er at dette arealet nå skal fåstå til og haldast vedlike.

Ølen kyrkje. Mesteparten av arbeidet vart utført i fjor, men det står att arbeid som m.a. gjeld både hovuddør og sakristidørar.

Dåpsskulen: Den store skattejakta



Av Steinar Skartland

Søndag 1. mars stod seksåringane sentralt i gudstenesta i Vikebygd. Ni av borna som har delteke i kyrkja sin dåpsskule, var med på inngangsprøsesjon. Her fekk dei også ei bibelbok og diplom, for nå var dei ferdige på dåpsskulen.

-Dåpsskulen er eit trusopplæringstilbod i alle kyrkjesokna, fortel Else Gurine Stople, men to av bygdene har dette anna kvart år. I Vikebygd er det Kjersti Hausberg Bjerga som har hatt ansva-

ret for dei fire samlingane i forkant av gudstenesta. Else Gurine har hatt desse i Skjold og Vats der det også vert same gudsteneste opplegget i mars. -Me må kunna sei at frammøtet har vore relativt godt i alle bygdene, fortel ho. -Kvar samling er på 1,5 time på onsdagar. Her får borna bli kjende med kyrkja, m.a. døypefonten, altaret og kyrkjeklokken, og så får dei del i ein «bibelskatt» (bibelforteljing med utgangspunkt i ein ting i skattekista).

I gudstenesta fekk borna vera med trusopplærar Else Gurine Stople for å sjå

kva som var i skattekista. Tre ting knytt til ei spennande historie frå Bibelen, om ei kvinne som vaska Jesus sine føter med tårene sine og turka dei med håret sitt, før ho salva føtene hans med godluktande olje. Presten, Magne Smørdal, var vist like spent som borna. Etterpå fortalte han meir om dette å få tilgjeving. Borna fekk også stå framme og synga fleire songar for alle dei over 50 som var i kyrkja denne dagen.

I slutten av gudstenesta kunne alle få delta i bønevandring, eller berre sitja stille.

Konsert/kulturprogram med: Aasmund, Ellen og Olav Nordstoga

Av: Gunnar Listog

Skjold kyrkje 29. april, kl. 19.00


”Livet er godt” er tema når Aasmund Nordstoga saman med foreldra sine, Ellen og Olav framfører tekstar av A.O. Vinje i ord og tonar.

Dei vil mellom anna framføre kjende

og kjære songar som: Ved Rondane, Våren og Blåmann.

Familien Nordstoga bur på Plassen, der Vinje-stoga står. Då kan det ikkje bli meir autentisk enn når dei framfører tekstane av denne kjære forfattaren.

Kulturutvalet i Skjold sokneråd vonar mange finn vegen til Skjold kyrkje denne vårvakvelden.



Vats bedehus / soknehus



Av: Sjur Inge Stødle

Det har vore tankar om eit slikt hus nær kyrkja i lengre tid, og hausten 2008 vart det diskutert med kommunen om det kunne regulerast slik at dette ville bli mogleg. Desember same år vart det sendt brev til kommunen om at denne reguleringa måtte komma med i kommuneplanen som skulle arbeidast med i 2009.

Det vart innkalla til folkemøte om saka 1. februar 2010 der ein hadde 3 forslag:

1) Frittståande nybygg mellom Vindafjordhallen og kyrkja.

2) Tilbygg / samarbeid med Vindafjordhallen.

3) Utviding av Kårhus bedehus.

Resultat: 30 røyster for 1), 3 røyster for 2), og 2 røyster for 3)

Det har og vore fleire møte med styret i Vindafjordhallen og med grunneigar av den aktuelle tomta. 16. jan. 2012 vart det

underskrive intensjonsavtale om kjøp av tomta på ca. 5,3 da.

Det var nå viktig å komma inn i "fastare former". Me er organiserte som foreining. Det offisielle namnet frå 12.06.2013 er: Vats Bedehus/Soknehusforeining.

Denne er organisert i Einingsregisteret og Frivilligregisteret med org.nr. 911 818 744

I vedtekten for "huset" vedtekne på årsmøtet 31.01.2011 står det i punkt 1.: "Bedehuskrinsane og kyrkjelyden er eigrarar av huset." Dette er for å presisera at det skal vera Vatsbygda sitt hus, og ikkje ein organisasjon.

Okt. 2013 fekk me Matrikkelbrevet frå kommunen, med g.nr.: 110, b.nr.: 32. Skøyte og betaling var ordna. Totale utgifter ved kjøpet av tomta var kr 280.000,-

Sist haust hadde me Haustmarknad på Vats skule med loppemarknad og auksjon. Det var òg sal av mykje heimeproduserte ting, nybakte potekaker og lefser. Brutto

kom inn ca. 80.000.- kr. Me takkar alle dei ca. 40 frivillige som var med!

9. mai lagar me til Vårbasar på Vats skule. Fine gevinstar, m.a. broderisett til Rogalandsbunad. Me startar kl. 13.00, med kafé og sal av lapskaus. I tillegg kan du kjøpa heimebakst og ta med deg. Her blir andakt og songinnslag.

Oppgåva vidare vil dreia seg mykje om finansiering. Gjennom Soknerådet kan ein gje gåver til "huset", og få skattefritak. Då må Soknerådet sin konto brukast, konto nr. 3240 18 24234. NB! Gåva må merkast med Vats bedehus/soknehus. Har du spørsmål om gåver/gjevarteneste, ta kontakt med Trygve Sandvik, Knaphusvegen 17, 5576 Øvre Vats. Ynskjer du å støtta arbeidet direkte, er konto nr.: 3330 24 11242 Det vil komma ut meir informasjon om dette til alle husstandar i Vats seinare.

Søndag 1. mars 2015 var det offer til "huset" i Vats kyrkje. Det kom inn kr. 6600. Tusen takk!

Personalnytt

Av: Inghart Lasse Tveit

Marit Hegrenes sluttar nå som kontorfullmektig i Vindafjord kyrjelege fellesråd etter oppnådd aldersgrense. Marit tok til som kontormedarbeidar på prestekontoret i Skjold i 1989 – seinare vart ho også tilsett ved prestekontoret i Vikedal. Marit er dessutan ein av svært få personar som også har vore tilsett i gamle Skjold kommune. Marit vil likevel halda

fram i ei mindre stilling på såkalla pensjonistvilkår ut året. Me takkar Marit for trufast innsats og gildt samvær gjennom alle desse åra og ynskjer lukke til vidare. Marit er ei aktiv dame som er engasjert i mange ting slik at ho knapt kjem til å få «fritidsproblem».

Tove Standal Vaka, som til nå har vore tilsett ved kontoret i Ølen, går frå 1. april inn i stillinga til Marit. Ho skal ha arbeidsstaden sin ved kyrjekontoret i

Skjold. Ho vil vera å treffa på måndagar, onsdagar og torsdagar.

Arne Sjo har sagt opp stillinga si som klokkar ved Bjoa kyrkje. Han er den siste tilsette klokkanen i kyrkjene i Vindafjord, ja kanskje i prostiet. Eigentleg er Arne også kyrkjegardsarbeidar. Men den stillinga har han permisjon frå medan han er hovudtillitsvald for Fagforbundet. Me takkar Arne for mange års trufast teneste i Bjoa-kyrkja og ynskjer lukke til vidare.

*Velkommen til
Lundeneset*

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS • en kristen internatskole i Ølensvåg
Vi er en del av NLMvgs • en kristen internatskole i Ølensvåg
Vi er en del av NLMvgs • en kristen internatskole i Ølensvåg

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knaphus BIL



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus Dekk & Bilverksted



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank SR-BANK



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olenserter.no](#)





Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



FRÅ KYRKJEBOKA

IMSLAND

Døypt:
22.02. Ronja Olsen Aksland

VIKEDAL

Døde:
18.01. Synnøve Reimers f. 1924

SANDEID

Døypte:
08.02. Sander Mannes Skeie
Døde:
03.02. Marta Helgevold f. 1924

SKJOLD

Døypte:
08.02. Håkon Kalsvik
Døde:

14.12. Gunhild Skjold f. 1927

VATS

Døpte:
15.02. Hanna Sørhus
Døde:

18.01. Elias Frøland f. 1918
08.02. Kolbjørn Vatnedal f. 1929
14.02. Solrun Skjervheim f. 1940

ØLEN

Døypt
22.02. Elina Alvseike

Døde

28.01. John Andersson f. 1928
14.02. Elina Garcia Mora Tveita f. 1934
01.03. Ingebjørg Heggebø f. 1932

(Ingen hendelser I Bjoa)

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
29. mars Palmesundag. Matt 26,6-13.	12.00	Fjellstøl	Fellesgudsteneste. Takkoffer: Diakoniarbeidet. Kyrkjekaffi.
	11.00	Skjold kyrkje	Nattverd. Takkoffer: Indre Sjøm.misj.
2. april Skjærtorsdag. Luk 22,14-23.	19.00	Imsland kyrkje	Nattverdgudsteneste. Takkoffer: Diakoniarbeidet
	19.00	Vats kyrkje	Nattverdsgudsteneste Takkoffer: Evangeliesenteret
3. april Langfredag. Matt 26,30-27,50	19.00	Ølen kyrkje	Nattverdsgudsteneste. Takkoffer:KN-Fasteaksjonen
	11.00	Sandeid kyrkje	Pasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kirkens Bymisjon
5. april Påskedag. Matt 28,1-10	19.00	Skjold kyrkje	Pasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kirkens resurs-senter for kvinner
	19.00	Bjoa kyrkje	Pasjonsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Misjonsprosjeket.
12. april 2. s. i påsketida. Joh 21,15-19	11.00	Vikedal kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattv. Takkoffer: Kyrkjelydsarb.
	17.00	Imsland kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Nattv. Takkoffer: Frelsesarmeen
17. april	11.00	Vats kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Norsk Gideon
	17.00	Vikebygd kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Misjonsprosjektet/Stefanusbarna.
19. april 3. s. i påsketida. Joh 10,1-10	11.00	Ølen kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer:Indremisjonssamskipaden. Nattverd
	17.00	Bjoa kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer:Kyrkjelydsarbeidet
21. april	11.00	Sandeid kyrkje	Høgmesse. Dåp. Takkoffer: Normisjon
	11.00	Vats kyrkje	Nattverd. Takkoffer: Bispedømmerådet
25. april	18.00	Skjold kyrkje	Samtalegudsteneste. Takkoffer: Misjonsalliansen
	18.00	Ølen kyrkje	Ung messe sam med konfirmantane. Takkoffer: KFUM- KFUK-speidarane
26. april 4. s. i påsketida. Jes 43, 16-21	18.00	Imsland kyrkje	Temagudst. m/konfirmantane. Fest Imsland bedehus etterpå.
	11.00	Vats kyrkje	Konfirmasjon. Takkoffer: Trusoppl. i Vats
28. april	11.00	Vikebygd kyrkje	Konfirmasjon. Takkoffer:Kyrkjelydsarbeidet
	11.00	Ølen kyrkje	Konfirmasjon. Takkoffer: Konfirmant.arb
2. mai	18.00	Sandeid kyrkje	Temagudst. m/konfirmantane. Fest Sandeid samfunnshus etterpå.
	11.00	Skjold kyrkje	Konfirmasjon. Takkoffer: Barne/ungd.arb. i Skjold
3. mai 5. s. i påsketida. Luk 13,18-21	11.00	Sandeid kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Konfirmant.arb.
	11.00	Skjold kyrkje	Konfirmasjon. Takkoffer: Barne/ungd.arb i Skjold
6. mai	11.00	Bjoa kyrkje	Dåp. Konfirmasjon. Takkoffer:Trusopplæring Vindafjord
	18.00	Vikedal kyrkje	Temagudst. m/konfirmantane. Fest Vikedal bygdehus etterpå.
8. mai	20.30	Lundeneset	Ungdomsgudsteneste saman med Loftet, Lundeneset og Feedback. Nattverd. Lovsongsteam. Takkoffer til ungdomsarbeidet på Lundeneset
	11.00	Vikedal kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Konfirmant.arb.
10. mai 6. s. i påsketida. Matt 7, 7-12	11.00	Vikebygd kyrkje	Konfirmasjon. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
	12.00	Imsland kyrkje	Fellesgudsteneste. Takkoffer: NMS
14. mai Kristi Himmel-fartsdag. Luk 24, 46-53	11.30	Sandeid kyrkje	Festgudsteneste. Takkoffer:Redd Barna
	11.00	Imsland kyrkje	Festgudsteneste. Takkoffer: Redd Barna
17. mai Grunnlovsdagen Matt 22,17-22	13.00	Vikedal kyrkje	Festgudsteneste. Takkoffer: Amnesty International
	10.00	Vats kyrkje	Familiegudsteneste. Takkoffer: Misj. prosjektet
24. mai Pinsegdag Joh 14,15-21	11.30	Skjold kyrkje	Familiegudsteneste. Takkoffer: Misj.prosjektet
	10.00	Vikebygd kyrkje	Familiegudsteneste.Takkoffer: Kirkens Bymisjon Haugesund
31. mai Treeiningssøndag Luk 10, 21-24	11.30	Ølen kyrkje	Festgudsteneste. Takkoffer: Misjonshøgskolen
	10.00	Bjoa kyrkje	Festgudsteneste. Takkoffer:Kyrkjelydsarbeidet
24. mai Pinsegdag Joh 14,15-21	11.00	Vikedal kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Nattv.. Takkoffer: Normisjon
	19.00	Imsland kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Nattv. Takkoffer: Kyrkjelydsarb.
31. mai Treeiningssøndag Luk 10, 21-24	11.00	Vats kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Israelsmisjonen
	11.00	Bjoa kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Misjonsprosjektet
31. mai Treeiningssøndag Luk 10, 21-24	11.00	Sandeid kyrkje	Kystkulturgudst. Takkoffer: Norsk kyrkje i utlandet. Kyrkjekaffi
	11.00	Vats kyrkje	Takkoffer: «Livets tre»
	12.00	Vakadalen	Friluftsgudsteneste. Takkoffer:Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Ecuador

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Bedehusa i Vats

8.4.	19:30	Blikrabygda - Gideon
15.4.	19:30	Kårhus -NMS - Jakob Vea
22.4.	19:30	Øvre Vats
29.4.	19:30	Blikrabygda- Wastvedt
6.5.	19:30	Kårhus - NLM Gerd Olsen
13.5.	19:00	Basar- Nesheim Krakk
20.5.	19:30	Blikrabygda - NML
27.5.	19:30	Øvre Vats - Herdis Heimdal,
3.6.	19:30	Kårhus-
10.6.	19:30	Blikrabygda- Normisjon

Via Dolorosa

i Vats kyrkje onsdag 1. april kl. 19.30
Knut Nystedt. «Jesu sju ord på korset»

Hugs: Vår-basaren i Vats

til inntekt for nytt bedehus/soknehus blir laurdag 9. mai kl.13.00 i gym.-salen på Vats skule. Sal av lapskaus og heimebakst. Takksame for gevinstar. Set av dagen!

Basar på KÅRHUS bedehus

onsdag 13.mai kl 19.00
Andakt v/ Stangeland, Song, mat og kaffi.
Krakk og Nesheim kvinneforening

Vikebygd bedehus

27.3.	Fredag	19:00	Basar og årsmøte.
28.3.	Laurdag	15:30	Laurdagsklubb for borna.
9.4.	Torsdag	19:30	Møte v. Georg Kallevåg, Indre sjøm.misj.
12.4.	Søndag	16:00	Familiemøte v. Anita og Torbjørn Hamre. Kaffikos.
23.4.	Torsdag	19:30	Gladsong. Kaffikos.

Eldretreff Vindafjordtunet

Palmesøndag 29.3. kl 15:30.
Andakt, song, kaffikos. Hjarteleg velkommen.
Nasjonalforeningen, Nedre Vats helselag.



Kyrkjjetunet, Ølen

9.4.	Torsdag	11:00	Torsdagstreff
9.4.	Torsdag	19:30	Torsdagsmøte v/ Jens Ottar Theisen
12.4.	Søndag	11:00	SHOW IT
16.4.	Torsdag	19:00	Fellesforum v/ Jens Olav Mæland
19.4.	Søndag	19:30	Søndagsmøte v/ Norsk Gideon
7.5.	Torsdag	11:00	Torsdagstreff

Åndaktstelen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat:
www.soschat.no
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 4. juni.
Frist for innlevering av
stoff er 9. mai.

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)



BARNAS SIDE





Fargelegg

Dei glade kvinnene ved
Jesus si tomme grav!

Teikningar: Kari Sortland

**Finn
5
feil**

Dei to bileta er
nesten like. Finn
du dei fem feila på
biletet til høgre?



Abonnér på barnebladet

BARNAS

16 blader + DVD eller bok
= berre 365,-

(privatabonnement
heim i posten)



Gruppeabonnement berre 199,-
per barn

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00



Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
faddergåve!